

Austebygd barnehage,  
Slettevegen 872,  
5939 Sletta

Sletta, desember 2014

## Julegudsteneste for barnehagen og skulen.



**Onsdag 17. desember er det julegudsteneste i "Emigrantkyrkja" kl. 8.15**  
- både for Austebygd barnehage og Austebygd skule .

Personalet køyrer til kyrkja kl. 08.00, og tek med seg dei borna som har kome i barnehagen.

Dei borna som ikkje først går i barnehagen, møter i kyrkja litt før kl. 08.15.

Barnehageborna skal gå inn i kyrkja i felles prosesjon med lys i handa, ved starten av gudstenesta. Dei må difor stoppa i gangen når dei kjem til kyrkja, og personalet i barnehagen vil stå der og ta imot dei.

*Foreldre som ønskjer å vera med på julegudstenesta er hjarteleg velkomne til det!*

Etter gudstenesta køyrer personalet borna tilbake til barnehagen. Dersom det også er foreldre som har høve til å køyra, er me takksame for det.

**Me vil takka alle foreldra for godt samarbeid  
i året som er gått og ønskjer alle  
EI RIKTIG GOD JUL OG EIT GODT NYTTTÅR!**

Med venleg helsing

*Ann Veronika Iren Sissel Janne Marie Veslava Marit  
Vigdís og Torunn*